

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I VENELAGET OLAV H. HAUGE

Stad: Elvatun ungdomshus i Ulvik, i underetasjen
Tid: Laurdag 15. september 2012, kl. 09.–10.00

Det var 20 frammøtte medlemmer.

1. Innkalling og dagsorden
Ingen merknader til innkallinga
Dagsorden. Det er kome framlegg til endring av vedtektene frå valnemnda. Vert teke opp under pkt 5.
2. Konstituering
 - Val av møteleiar. Unni Solem
 - Val av referent. Torbjørg Austrud
 - Val av teljekorps. Anders Oppheim og Tone Tveit
3. Regnskap 2010-12, ved kasserar
Rekneskapen vart godkjent utan merknader.
4. Årsmelding (vedlagt), oppsummering 2010–2012, ved styret.
Følgjande tema vart drøfta:
 - Posten sentralt kan gje eigen avtale på pris på utsending av blad.
 - Seminaret som vart avlyst i år: Ein bør prøva å tipsa om dette kursopplegget til dei regionale kursnemndene (for grunnskule og VGS), Språkåret 2013. Ny læreplan i norsk 1.8.2013, FaU (fagleg utval), med meir.

Dersom det komande år skal vera seminar under poesifestivalen, bør det leggjast inn i programmet – t d parallelt med konsertar laurdag eller sundag

- Det bør gjerast forsøk på å få inn alle e-postaresser på medlemmer og nytta e-post som kommunikasjonskanal. Medlemmer som ikkje betalar kontingent, kan vel neppe vera medlemmer lenger. Styret kan vurdera purringar på kontingent, evt styrka dei som ikkje betaler frå listene.

Årsmeldinga vart teken til orientering.

5. Endring av vedtekene (framlegg vedlagt)

Det vart kome inn framlegg til endringar frå styret sine vedtektsendringar og frå frå Elisabet Aase Sølvberg, Steinar Bergo og Eli Lillebø. Desse vart lagt inn under handsaminga av styret sine framlegg.

Til pkt. 4: Venelaget skal gje ut medlemsblad.

Styret eller dei som styret gjev ansvar, skal syta for at bladet kjem ut årleg med minst 2 nummer.

Samrøystes vedteke.

Til pkt 5: Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.

Styret vel desse internt

Framlegg frå S vart vedtekesamrøystes.

Pkt 6

Tillegg tilpkt 6. Kasserar kan veljast utanom styret.

Framlegg frå S med tilleg frå årsmøtet vart samrøystes vedteke.

Pkt 7

Framlegg frå styret med tillegg; *I innkallinga får medlemene melding om at frist for innsending av saker ein ynskjer ta opp, er 14 dagar før årsmøtet.*

Framlegg frå S med tillegg frå årsmøtet vart samrøystes vedteke.

Pkt 9

Framlegg frå S vartr samrøystes vedteke

6. Val

Therese Vallevik vart vald som leiar ved akklamasjon

Framlegg frå valnemnda til styremedlemmer vart samrøystes vedteke:

Eivind Bergo

Randi Jåstad
Audun Lødemel
Annelise Thorbjørnsen

Varafolk (samrøystes vedteke): Torbjørg Austrud og Terje Hjartnes.

Etter framlegg frå styret vart følgjande valde:

Ny valnemn:
Elisabet Sølvsberg Aase, leiar
Steinar Bergo
Unni Solem

Amboltprisnemnda:
Torbjørn Ljones, leiar
Idar Stegane
Stephen Walton

Kasserar: Anders Oppheim

Revisor: Olav Bergo

7. Vegem framover for Venelaget Olav H. Hauge (ordet fritt)- lite tid til meir diskusjon enn det under pkt 4, då dei fleste medlemmene skulle på Hauge-føredrag kl 10!

Referent: Torbjørg Austrud

Vedlegg: Oppdaterte vedtekter 14.09.2012